



opplaering@hfk.no

Vår ref.: 32/17/680/øbj/tbh/ist Dato: 20. februar 2017

SØKNAD OM MIDLAR TIL GRATIS SKULEFRUKOST

Odda vidaregåande skule søkjer hermed om midlar til oppretting av tilbod om gratis skulefrukost til våre elevar.

Odda vgs er ein kombinert skule, som har både yrkesfag, studiespesialisering og idrettsfag. I tillegg har vi innføringsklasse, ein del lærlingar og vaksenopplæring. Vi har om lag 330 elevar, og gjennomsnittleg inntakspoeng hausten 2016 var: 40,5.

Vi ynskjer å utvida det eksisterande kantinetilbodet vårt med gratis skulefrukost, då vi har erfaring frå at det er mange elevar som droppar å ete før skulestart. Dette er ekstra uheldig for dei av våre elevar som må pendla med buss opptil 1 time og som ikkje et frukost før skulestart. Det er mange gode argument for ei slik ordning, både ernæringsmessig og psykososialt, men aller mest det faktum at det er viktig for elevane si læring. Skulen er i ein situasjon med rehabilitering av bygningsmassen og det er difor ekstra viktig å få «setla» kantina/aulaen som samlingsstaden for alle elevar ved skulen. Dette kan eit felles grautmåltid til frukost og vera med å styrka.

Elevrådet har hatt møte og ynskjer å bidra aktivt til utviklinga av eit slikt tilbod. Dei arbeider no med å sjå på ulike løysingar for korleis vi best kan organisera dette. Dette gjer at vi ønskjer å samarbeida tett og godt med elevrådet, før vi startar opp i august 2017. Samstundes er det samarbeid med kantineleiar og leiinga for å finna praktiske løysingar for å få dette til. I utgangspunktet tenkjer vi 3 dagar i veka no i byrjinga. Tidsrommet for frukost vil i hovudsak vera mellom kl. 07.45 til 08.15, då skuledagen, for dei fleste, startar kl. 08.20.

Kostnadane er enno noko uklare. Målsetjinga er at alle elevar skal eta frukost og i denne samanheng at dei som ikkje har ete frukost, gjer det. Vi kjenner difor ikkje til kor mange elevar som vil nytte seg av tilbodet. Om vi ser for oss at ca.125 elevane som nyttar tilbodet på det jamne, til ein pris på ca. 40,- pr. frukost, vil vi få eit reknestykke på 5000,- pr. gong. Med 3 frukostar i veka x 15 veker vil det bli ein kostnad på 225.000,-. Vi må utvida kantineopningstida med 1 time desse dagane, ca 250,- x 3 x 15. Pris: 11250,-. Utover dette reknar vi med at elevane er med og førebur måltidet, deltek i tillaging og rydding. Dette blir å rekne som eigeninnsatsen for prosjektet. Samstundes som ein nyttar kantina sitt utstyr til tillaginga, servering og vask/opprydding. Dette vil kunne stipulerast til ein eigeninnsats på kring 100.000,-

Utifrå dette søkjer vi om 236 000,- i støtte, og ser for oss ein eigenandel på 100 000,-.

Øyvind Bjørkevoll
rektor